

toritet der han sit på cella si og korresponderer med folk som dyrkar han ved hans føter. Dette er det Breivik ønskjer å verte. Ein inspirasjon for den *kommande* tempelriddarordenen og motstandsrørsla, ikkje ein eksisterande orden.

Ein politisk prosess?

For å motverke dette må vi avkle Breivik, og syne han fram som den skrönemakaren han er. Difor er det ikkje berre synd at vi ikkje får kringkasta hans kommentarar frå rettssalen, men òg synd at vi er så fokuserte på spørsmålet om hans sinnstilstand framfor hans politiske prosjekt. Vi er nøydde til å skape ei betre forteljing og ein betre myte for framtida enn den som er representert av Breivik sitt kompendium. Vi må gå så grundig til verks for å sette ideologien hans til vegg at det vert vanskelegare for nokon å tru på dei framstillingane han har gjort i kompendiet. Vi må gjere det grundig, og vi må gjere det så merkbart at det vert synleg utanfor landets grenser. For Breivik er ikkje eit norsk fenomen, og kompendiet talar ikkje først og fremst til eit norsk publikum, men til eit stort og internasjonalt publikum som ikkje får ta del i vår prosess mot denne massemordaren. Dette er eit ansvar vi er nøydde til å ta alvorleg.

Vi kan gjerne tale om at rettsaka i større grad burde vore ein politisk prosess. Trass i at dette uttrykket skapar skumle assosiasjonar om McCarthyisme og politisk heksejakt. Vi er veldig opptatte av det psykologiske aspektet i sal 250, men vi bør vere minst like opptatte av det politiske. Difor er det synd at ideologar som Fjordman og Bruce Bawer ikkje er til stades, for dei bør stillast til ansvar. Ikkje for Breivik sine gjerningar, slik mange av deira sympatisørar likar å tru, men for deira ideologi, som har mogleggjort dette massedrapet. På same vis som kommunistar og nazistar har måttå stå til ansvar for sin politikk. Om nokon tykkjer dette er å ta hardt i, må eg berre minne om at Fjordman har tatt til orde for at ein skal væpne seg, og har spekulert i det som vil tyde ei etnisk reisning av Europa.

Vi treng ikkje tolerere dette. Vi kan stille ideologien til ansvar. Og det er ein politisk prosess.

kristian.bjorkelo@lle.uib.no

Meir enn ei hovudforklaring

«Vanlige borgere begår ikke massedrap», skriv Torgeir M. Hillestad i debatten mellom han og Arne Klyve i høve terroråtaka 22. juli. Det er – for å vera ærleg – ein ganske uinteressant observasjon.

Øyvind Strømmen

Journalist og forfattar

DEBATT: 22. JULI

Arne Klyve og Torgeir M. Hillestad har sidan årsskiftet diskutert terroråtaka 22. juli. Kanskje Klyve driv med overdriven politisering, skriv Øyvind Strømmen. Men Hillestad avpolitiserer og gjer den ideologiske ekstremismen om til ein slags kuliss.

Uavhengig av korleis ein snur og vender på det, er Anders Behring Breivik knapast ein vanleg borgar. Han er ein av oss. Men ikkje det minste vanleg.

Konspirasjon, valdsbruk og personlegheit

For det fyrste forfektar Breivik ein ideologi som er sett saman av ulike former for ekstremisme, med såkalla kontrajihadisme som ein sentral bestanddel. Dette er ein ideologi som grunnleggjande sett er basert på ein konspirasjonsteori, ei førestilling om at Europa er okkupert eller er i ferd med å verta okkupert av muslimar, og at desse okkupantane har medvitten støtte frå store delar av det politiske etablissementet i Europa. I dette biletet vert Jens Stoltenberg til ein landssvikar på line med Vidkun Quisling, og

store delar av Stortinget vert forrædarar eller femtekolonistar. Breivik er langt frå *åleine* om desse førestillingane – ein variant er jamvel publisert av Gyldendal Norsk Forlag då dei valde å gje ut Oriana Fallaci sin hatpamflett *Formuftens styrke* – men førestillingane er heldigvis heller uvanlege.

For det andre har Breivik teke eit steg lenger. Han ikkje berre trur på konspirasjonsteoriar, han forsvarer *konkret* valdsbruk og har gjennomført terroråtak av veldige dimensjonar på bakgrunn av dette verdsbiletet. Det blodigaste av dei to terroråtaka – Utøya – retta seg på toppen av dette mot ungdomar, ikkje mot maktapparatet. Dermed fell fleire og fleire frå: medan valdsromantikk er relativt utbreidd i høgreekstreme miljø av ulike sortar, er faktisk valdsbruk mindre vanleg. Den valdsbruken som finn stad, dreier seg ofte om meir eller mindre tilfeldig vald, som når English Defence League-medlemer går laus på ein tilfeldig innvandrar eller raserer ei kebabsjappe. Åtaket på regjeringskvartalet er likevel noko ein kan finna aksept for blant høgreekstreme. Åtaket på uvæpna ungdomar vert verre å forsvara, sjølv for politiske ekstremistar, og det av både ideologiske og emosjonelle årsaker. Den som måtte tru at slikt for-



POLITISKE MÅL: Det skal *noko til* for å vera terrorist, og det er all grunn til å leita i «den personlige biografi» etter forklaringar. Men når dei faktisk blir terroristar og vel seg høgst politiske mål, er det all grunn til å peika på ideologi som hovudforklaring, skriv Øyvind Strømmen. Biletet viser Arbeiderpartiet sine kontor etter bombinga 22. juli 2011. Foto: Brage/YAY Micro

Utan å sjå på Breivik sine politiske idear er det vanskeleg å skjøna valet av terrormål

svar er *heilt* fråverande på høgreekstrem kant, tek likevel feil: eg har sett fleire døme på høgreekstreme som har uttrykt forståing, sympati og også direkte støtte til massedrapet på Utøya. Likevel kan ein konkludera med at Anders Behring Breivik ikkje berre er ein politisk ekstremist, han er ein *ekstremist* blant dei politiske ekstremistane.

Her kjem det tredje momentet inn. I løpet av månadane som har gått – og også i rettssaka – synest det klårt at Breivik har ein del uvanlege personlegdomstrekk, om han no skulle vera tilrekneleg eller ikkje.

Ekstremisme som hovudårsak?

I eit tidlegare innlegg skriv Hillestad at politisk ekstremisme ikkje er nok. Han har eit poeng. I fleire av eksempla på terroråtak i vestlege land dei siste tiåra er definitivt andre forklaringar ein del av biletet; det skal *noko til* for å vera terrorist, og det er all grunn til å leita i «den personlige biografi» etter forklaringar. At Hillestad

overdriv poenget, vert imidlertid tydeleg når han i sitt nyaste innlegg beint ut avviser «rene politiske påvirkninger og overbevisninger» som ei hovudårsak for terroråtaka 22. juli, fordi ein i så høve ville ha «vært belastet med titalls og kanskje enda flere massemordere enn bare slike enkelttilfeller».

Her lyt ein spørja seg om Hillestad avviser politisk ekstremisme som hovudårsak også i andre tilfelle. Eg skal nemna to, både frå Noreg.

Sommaren 1985 vart Normoské i Oslo utsett for eit bombeåtak, gjennomført av ein ung høgreekstremist med koplinger til eit nynazistisk miljø, eit miljø som også kan setjast i samband med fleire andre valdshandlingar. Ingen vart drepne, men det har meir med flaks å gjera enn med noko anna. Dette var midt under fastemånaden ramadan, og moskeen vart nytta som samlingsstad i samband med fastebrotmåltidet om kvelden. Den kvelden bomba gjekk av, hadde samlinga vorte flytta til ei privat leilegheit på ein annan kant av byen i staden. VG kommenterte eit par dagar seinare med at det kunne ha vorte eit blodbad. Fleire tital såra og drepne verkar ikkje direkte usannsynleg.

I etterkant vart fleire dømde til fengsel. Eg har ikkje sett nokon som ikkje har

peikt på politisk ekstremisme som ei hovudårsak til dette terroråtaket, trass i at dei dømde sine personlege biografiar sikkert kan avsløra andre interessante forklaringar. Den sentrale gjerningmannen vart intervjua i *Aftenposten* nokre år seinare. Han fortalte om ein ganske klassisk *politisk* radikaliseringssprosess, men utelukkar ikkje at han i staden kunne ha hamna på motsett kant. Han fortalte også om ei personleg krise og sjølvmordstankar, då han – medan han sat fengsla – etter kvart forkasta den ekstreme ideologien.

Ei anna historie

Ei anna historie fortel om ein ung mann som levde store delar av livet sitt på Internett, og som av politijkjelder vert skildra som sosialt utanfor. På nettet besøkte han ei rekke innvandringsfiendtlege nettsteder, også av det høgst ekstreme slaget – nettstader innanfor kontrahadrørsla, og også den nynazistiske nettstaden *Stormfront.org*. Dessutan skal han ha motteke nyhendebrevet til ein norsk, islamfiendtleg organisasjon, og han var aktiv på nettforumet til nettavisas Hegnar Online, der det har vore betydelege innslag av hat mot innvandrarar. I nettdebattane skal han ha uttrykt eit ønske om å «bevare nasjonal og kristen kulturarv», og han uttalte seg i

skarpt negative vendingar om både muslimske innvandrarar og om den norske regjeringa. Etter kvart gjekk det lenger: den unge mannen sette seg eit mål om å drepa. Han skreiv eit notat der ambisjonen gjekk klårt fram. Som medlem av ein skyttarklubb hadde han skaffa seg fleire våpen. Mot slutten av sommaren utførte han ugjerninga.

Parallelle til Anders Behring Breivik tør vera fleire, men den aktuelle drapsmannen drap berre ein person, somaliskfødde Mohamed Jamal Shirwac. Det hende sein sommaren 2008. Drapsmannen vart seinare dømd til tvunge psykisk helsevern, i tråd med aktor sin påstand og truleg også i tråd med sunn fornuft: Eg har ikkje hørt frå nokon med kjennskap til saka som meiner at psykisk sjukdom ikkje var vesentleg. Men samstundes er det vanskeleg å forklara korleis ein tilfeldig innvandrar frå Somalia vart drapsoffer, utan å sjå på det politisk motiverte hatet gjerningsmannen hadde mot muslimarar generelt og somaliarar spesielt. I valet av mål er det vanskeleg å sjå korleis den politiske ekstremismen – ikkje dei psykiske forklaringane – ikkje var ei hovudårsak.

Ideologi som forklaring

Det same gjeld 22. juli. Utan å sjå på Breivik sine politiske idear er det vanskeleg å skjøna valet av terrormål; Breivik sine mål var nettopp ikkje tilfeldige, som om han var ei slags naturkatastrofe. Utan å skjøna det politiske aspektet skjønar ein svært lite av Breivik. Der Hillestad kan ha eit poeng i at Klyve driv med overdriven politisering – Klyve blandar blant andre inn Bush – gjer Hillestad sjølv det motsette: han *avpolitiserer*. Hillestad gjer den ideologiske ekstremismen om til ei slags kulisse, «ikke minst fordi det ligger helt spesifikke personlighetsmessige forutsetninger til grunn for slike ekstreme ytringsformer».

Hillestad sitt problem er at ein kan snu på dette: ein må kunne anta at fleire enn dei som faktisk *vert* terroristar, har tilsvarende «personlighetsmessige forutsetninger». Når dei faktisk *blir* terroristar og vel seg høgst politiske mål, er det all grunn til å peika på ideologi som hovudforklaring. Men ofte berre som ei av fleire.

Oppslutninga til 22. juli var ikke ettersom de viste tilbake til ene politiske idear, men tilbake til ene personlighetsmessige forutsetninger.

Gjerne flere sakkynndige psykologer

Men verken psykologer eller psykiatere har kompetanse i rettsspsykiatri kun i kraft av sin yrkestittel.

Kirsten Rasmussen, professor, spesialist i klinisk nevropsykologi og psykologisk habilitering

Karl Heinrik Melle, spesialist i psykiatri, leder av Den rettsmedisinske kommisjons psykiatriske gruppe

Tarjei Rygnestad professor, leder av Den rettsmedisinske kommisjon

DEBATT: SAKKYNDIGE

Hva slags kunnskap kan psykologer bidra med som er noe annet enn det psykiaterne allerede anvender? spurte Cato Grønnerød i juniutgaven. Han utfordret også Kirsten Rasmussen, Karl Heinrik Melle og Tarjei Rygnestad: Ønsker disse å tone ned aspekter av profesjonskamp, fordi den kan føre til at deres egen stilling i faget blir truet av psykologene?

Vi har i mange sammenhenger argumentert for økt bruk av psykologer i rettsspsykiatrisk sammenheng. Vi er tilfreds med at psykologene har fått en stadig sterkere posisjon, og at Den rettsmedisinske kommisjon (DRK) har hatt psykologer som medlemmer siden 1990-tallet. I dag er en tredjedel av medlemmene i psykiatrisk gruppe psykologer. Det er

Den rettsmedisinske kommisjon har ved enkelte anledninger akseptert erklæringer skrevet av to psykologer. Faglig er dette uprøblematisk

imidlertid ingen automatikk i at verken psykologer eller psykiatere har kompetanse i rettsspsykiatri i kraft av sin yrkestittel. Men begge gruppene kan få det gjennom B- og C-kursene i rettsmedisin og rettsspsykiatri, som er felles for begge yrkesgruppene. Det formelle kravet om at minst én av de sakkynndige skal være psykiater, kan muligens falle bort etter hvert. DRK har ved enkelte anledninger akseptert erklæringer skrevet av to psykologer. Faglig er dette uprøblematisk, men det ligger en fare i at den ene part i saken da kan anke grunnet «saksbehandlingsfeil».

Psykologer har i økende grad kommet inn i rettsspsykiatrisk arbeid gjennom å demonstrere hvilken verdi deres kunnskap har for fagfeltet. Vi har et ønske om at man skal fortsette langs den veien, fremfor å rope på profesjonskamp. Uten kunnskap om hvordan fagfeltet i virkeligheten ser ut, kan dette fort føre til at man skyter seg selv i foten.

Avslutningsvis kan vi forsikre at de undertegnede, henholdsvis psykolog, psykiater og farmakolog, overhodet ikke føler sin stilling i faget truet av psykologene.

kirsten.rasmussen@svt.ntnu.no